STORTINGET

# Innst. 69 S

**(2021–2022)**

**Innstilling til Stortinget fra utenriks- og forsvarskomiteen**

Prop. 30 S (2021–2022)

**Innstilling fra utenriks- og forsvarskomiteen om Endringar i statsbudsjettet 2021 under Utanriksdepartementet**

Til Stortinget

## Sammendrag

Under programområde 02 Utanriksforvaltning blir det gjort framlegg om å redusere løyvingane med om lag 1,2 mrd. kroner. Reduksjonen gjeld i hovudsak 1,025 mrd. kroner i lågare utgifter under EØS-finansieringsordningane (kap. 117) i år. Det er òg reduserte utgifter til drift under Utanriksdepartementet, til FNs fredsbevarande operasjonar og til EFTA-sekretariatet. Gebyrinntektene under programområde 02 er reduserte fordi det er færre utlendingssaker under pandemien.

Under programområde 03 Internasjonal bistand blir det gjort framlegg om visse endringar. Det er m.a. mindrebehov på departementet sitt driftsbudsjett og hos Norsk senter for utvekslingssamarbeid, Norec, og deira utvekslingsordningar. Det er òg mindre endringar i kontingentane for Noregs pliktige bidrag til internasjonale organisasjonar. Det blir gjort framlegg om å omdisponere nokre av dei ledige midlane m.a. til FNs organisasjon for palestinske flyktningar (UNRWA), FNs fredsbyggingsfond og auka flyktningutgifter.

Vidare vart det i Utanriksdepartementets budsjettproposisjon for 2021 gjort greie for at delar av støtta til vaksinekoalisjonen CEPI kunne falle utanfor formålet til offisiell utviklingsbistand (ODA). Ramma blei difor fastsett 200 mill. kroner høgare enn 1 pst. av anslaget for BNI for 2021. Det er no gjort framlegg i OECDs utviklingskomité (DAC) om at 88 pst. av støtta til CEPI sitt arbeid for forsking og utvikling av covid-19-vaksinar skal kunne rapporterast som ODA. Det inneber at 176 mill. kroner av dei 200 mill. kronene vil kunne rapporterast som ODA, og regjeringa gjer derfor framlegg om at denne delen skal dekkast innanfor bistandsramma. Auken i ODA-andel blir dekt innanfor bistandsramma av eit lågare behov på departementet sitt driftsbudsjett og reduserte løyvingar til stabilisering av land i krise og konflikt.

Ut over bistandsramma for 2021 blir det gjort framlegg om å auke løyvinga til den globale koalisjonen ACT-A med 2 mrd. kroner, jf. omtale under kap. 160, post 70 Helse. Forslaget aukar ramma tilsvarande til det internasjonale arbeidet med å slå ned pandemien. Samla framlegg om auke ut over gjeldande bistandsramme blir derfor 1,824 mrd. kroner.

For ei nærmare omtale av endringane på kapittel- og postnivå blir det vist til proposisjonen.

## Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Åsmund Aukrust, Nils-Ole Foshaug, Eva Kristin Hansen og Rigmor Aasrud, fra Høyre, Hårek Elvenes, Ingjerd Schou, Erna Solberg og lederen Ine Eriksen Søreide, fra Senterpartiet, Marit Arnstad og Bengt Fasteraune, fra Fremskrittspartiet, Sylvi Listhaug og Christian Tybring-Gjedde, fra Sosialistisk Venstreparti, Ingrid Fiskaa, fra Rødt, Bjørnar Moxnes, fra Venstre, Guri Melby, og fra Kristelig Folkeparti, Dag-Inge Ulstein, viser til Prop. 30 S

(2021–2022), om endringer i flere kapitler under programområde 02 i statsbudsjettet for 2021 under Utenriksdepartementet.

Komiteen viser til departementets forklaring om at reduksjon på 1,2 mrd. kroner under programområde 02 Utenriksforvaltning i hovedsak henger sammen med 1,025 mrd. kroner i lavere utgifter under EØS-finansieringsordningene i år. Dette skyldes utsatte prosjekter på grunn av covid-19, en styrket norsk krone mot euro, og at det ikke er gjennomført prosjekt i Ungarn. Det er også andre reduksjoner på programområde 02, som i hovedsak skyldes mindre aktivitet på grunn av covid-19.

Komiteen viser til at regjeringen foreslår flere endringer under programområde 03, Internasjonal bistand. Driftsbudsjettet til Utenriksdepartementet foreslås redusert med 160 mill. kroner. Komiteen merker seg at det også er mindre endringer i kontingentene til Norges pliktige bidrag til internasjonale organisasjoner. Komiteen viser til at det foreslås å øke støtten til FNs fredsbyggingsfond med 30 mill. kroner, noe som vil bidra til at Norge oppfyller avtalen om å støtte fondet med 500 mill. kroner over fem år. Det foreslås å øke bevilgningene til UNRWA med 33,9 mill. kroner. Komiteen viser til at UNRWA har et kritisk behov for kjernestøtte, selv etter at USA er tilbake som giver.

Komiteen viser til at det blir foreslått å bevilge 2 mrd. kroner til den globale koalisjonen ACT-A. ACT-A fremmer likeverdig tilgang til covid-19-vaksiner, og Norge leder arbeidet sammen med Sør-Afrika. Denne bevilgningen kommer i tillegg den ordinære bistandsrammen for 2021. Dette gjør at det samlede forslaget om å øke bistandsrammen for 2021 blir på 1,824 mrd. kroner.

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Rødt viser til at Covax igjennom året kontinuerlig har nedjustert leveransemålene fra 2 milliarder til 1 milliard doser. Av de mer enn 8 milliarder vaksinene som er satt til nå, er kun 500 millioner igjennom Covax. Disse er levert til 144 land, og Covax sier selv at det kan bli vanskelig å nå målet om ytterligere 500 millioner doser ut året. En av grunnene er at legemiddelselskapene ikke prioriterer leveranser til Covax. Rike land har heller ikke fulgt opp sine donasjonslovnader til Covax. Disse medlemmer viser til at forskere ved Senter for utvikling og miljø har dokumentert hvordan det er vanskelig å forstå hvorfor Covax styres på en måte som hindrer innsyn, fordunkler interessemotsetninger og gjør det vanskelig å holde noen ansvarlig. Disse medlemmer viser videre til at også Chr. Michelsen Institutt nylig har lansert en rapport som viser til at hemmelighold har hemmet det globale vaksinesamarbeidet.

Disse medlemmer viser til Norges støtte til ACT–A. Disse medlemmer mener en forutsetning for støtten må være åpenhet i alle ledd om hvor mange vaksiner som produseres, hvor de skal leveres, til hvilken pris og til hvilke betingelser.

Disse medlemmer fremmer derfor følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen gjennom ACT–A og Covax intensivere arbeidet for at legemiddelselskapene prioriterer leveranser av vaksiner til Covax, samt arbeide for implementering av prinsipper om åpenhet i alle ledd, men særlig inngåtte kontrakter med legemiddelselskaper.»

# Forslag fra mindretall

**Forslag fra Sosialistisk Venstreparti og Rødt:**

*Forslag 1*

Stortinget ber regjeringen gjennom ACT–A og Covax intensivere arbeidet for at legemiddelselskapene prioriterer leveranser av vaksiner til Covax, samt arbeide for implementering av prinsipper om åpenhet i alle ledd, men særlig inngåtte kontrakter med legemiddelselskaper.

# Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

I statsbudsjettet for 2021 blir det gjort følgjande endringar:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| | | Utgifter | |
| 100 | | Utanriksdepartementet | |
| | 1 | Driftsutgifter, vert redusert med ........ | 130 000 000 |
| | | frå kr 2 467 130 000 til kr 2 337 130 000 | |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| | 90 | Lån til norske borgarar i utlandet, vert auka med | 1 400 000 |
| | | frå kr 360 000 til kr 1 760 000 | |
| 103 | | Regjeringas representasjon | |
| | 1 | Driftsutgifter, vert redusert med | 2 000 000 |
| | | frå kr 67 307 000 til kr 65 307 000 | |
| 104 | | Kongefamiliens offisielle reiser til utlandet | |
| | 1 | Driftsutgifter, vert redusert med | 6 000 000 |
| | | frå kr 10 331 000 til kr 4 331 000 | |
| 116 | | Internasjonale organisasjonar | |
| | 70 | Pliktige bidrag, vert redusert med | 60 000 000 |
| | | frå kr 1 338 050 000 til kr 1 278 050 000 | |
| 117 | | EØS-finansieringsordningane | |
| | 77 | EØS-finansieringsordninga 2014–2021, *kan overførast,* vert redusert med | 430 000 000 |
| | | frå kr 2 536 000 000 til kr 2 106 000 000 | |
| | 78 | Den norske finansieringsordninga 2014–2021, *kan overførast*, vert redusert med | 595 000 000 |
| | | frå kr 2 158 000 000 til kr 1 563 000 000 | |
| 118 | | Utanrikspolitiske satsingar | |
| | 74 | Forsking, dialog og menneskerettar m.m., vert redusert med | 2 000 000 |
| | | frå kr 54 050 000 til kr 52 050 000 | |
| 140 | | Utanriksdepartementet | |
| | 1 | Driftsutgifter, vert redusert med | 160 000 000 |
| | | frå kr 1 722 241 000 til kr 1 562 241 000 | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, *kan overførast*, vert redusert med | 26 091 000 |
| | | frå kr 140 461 000 til kr 114 370 000 | |
| | 45 | Større utstyrskjøp og vedlikehald, *kan overførast,* vert redusert med | 15 000 000 |
| | | frå kr 17 570 000 til kr 2 570 000 | |
| 144 | | Norsk senter for utvekslingssamarbeid (Norec) | |
| | 01 | Driftsutgifter, vert redusert med | 2 000 000 |
| | | frå kr 55 539 000 til kr 53 539 000 | |
| | 70 | Utvekslingsordningar, *kan overførast*, vert redusert med | 9 200 000 |
| | | frå kr 80 477 000 til kr 71 277 000 | |
| 151 | | Fred, tryggleik og globalt samarbeid | |
| | 72 | Stabilisering av land i krise og konflikt, *kan overførast,* vert redusert med | 50 000 000 |
| | | frå kr 864 829 000 til kr 814 829 000 | |
| | 73 | FN og globale utfordringar, *kan overførast,* vert auka med | 30 000 000 |
| | | frå kr 225 738 000 til kr 255 738 000 | |
| | 74 | Pliktige bidrag til FN-organisasjonar m.m., *kan overførast,* vert redusert med | 3 000 000 |
| | | frå kr 324 690 000 til kr 321 690 000 | |
| 159 | | Regionløyvingar | |
| | 70 | Midtausten og Nord-Afrika, *kan overførast,* vert auka med | 33 935 000 |
| | | frå kr 589 011 000 til kr 622 946 000 | |
| 160 | | Helse | |
| | 70 | Helse, kan overførast, vert auka med | 2 000 000 000 |
| | | frå kr 3 661 186 000 til kr 5 661 186 000 | |
| 170 | | Sivilt samfunn | |
| | 70 | Sivilt samfunn, *kan overførast,* vert auka med | 10 000 000 |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| | | frå kr 2 028 471 000 til kr 2 038 471 000 | |
| 179 | | Flyktningtiltak i Noreg | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, vert auka med | 15 356 000 |
| | | frå kr 458 083 000 til kr 473 439 000 | |
| | | Inntekter | |
| 3100 | | Utanriksdepartementet | |
| | 2 | Gebyr for utlendingssaker ved utanriksstasjonane, vert redusert med | 11 800 000 |
| | | frå kr 109 400 000 til kr 97 600 000 | |
| | 90 | Tilbakebetaling av naudlån frå utlandet, vert auka med | 1 300 000 |
| | | frå kr 318 000 til kr 1 618 000 | |

Oslo, i utenriks- og forsvarskomiteen, den 7. desember 2021

**Ine Eriksen Søreide**
leder

**Åsmund Aukrust**
ordfører

Svanemerketrykksak, 2041 0654 Trykk og layout: Stortingets administrasjon